



HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3880 - 19/16437

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no


Dato:  
23.05.2019

## Oversender vedtak om dispensasjon og løyve til frådeling til klagevurdering - gbnr 137/690 Alver


Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av ca. 8 133 m<sup>2</sup> frå gbnr. 137/690.

Søknaden er ledd i arbeidet med å erverva areal til ny Alversund skule med tilhøyrande anlegg. Lindås kommune er kjøpar.

### Situasjonsplan



### Plankart



### Planstatus



Eigedommen ligg i regulert område innafør det som i områdereguleringsplanen for Alversund i hovudsak er definert som område for offentleg og privat tenesteyting, BOP2, LNF-føremål og samferdsleføremål, mellom anna del av SGS2 og o\_SKV3. Del av parsellen som er definert til LNF-føremål skal delast frå til uendra bruk.

Del av parsellen er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø, H570\_2. Det automatisk freda kulturminnet # 8 ligg innanfor parsellen.

Tiltaket krev dispensasjon frå føresegn 2.1.1, som gjeld krav om detaljregulering av område BOP2.

### **Sakshandsaming**

Det vart gitt dispensasjon og løyve til frådeling av parsellen i administrativt vedtak saknr. 165/19 datert 23.05.2019.

Søknaden har ikkje vore send på høyring til regionale styresmakter. Vedtaket vert send over til Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post [anne.lise.molvik@lindas.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@lindas.kommune.no) eller på telefon 56 37 56 40.

Vedtaket og søknad følgjer vedlagt. Saka med alle saksdokument finn du og [her](#).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Løyve til oppretting av ny grunneigedom - gbnr 137/690 Alver

Søknad om oppretting av grunneigedom - gbnr 137/690 Alver

Søknad om dispensasjon frå plankrav vedr oppretting av ny grunneigedom - gbnr 137/690 Alver

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Kjersti Alver og Harald Sagstad  
Lindås kommune v/  
eigedomsavdelinga

Buheim 21 5911  
Felles postmottak 5914  
Kvernhusmyrane 20

ALVERSUND  
ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Njøsavegen 2 6863  
Postboks 7900 5020

LEIKANGER  
BERGEN